



## OSTERØY IDROTTSLAG

### ÅRSMELDING VOLLEYBALLGRUPPA 1985

Styret har vore:

formann : Anita Vevletveit  
nestformann : IngerAnne Rongve  
kasserer : Solveig S. Varberg  
skriver : AnnChristin Hannisdal  
styremedlemmer : Kjerstin Bernes  
Lillian Espevoll  
Siri Elvik  
varamedlem : AnneTorill Ulleberg

Styret har hatt 5 styremøter.

I år rykka to lag opp ein divisjon, slik at gruppa i år har lag i 2.-4.-5.div. samt eit jentelag.

Dei foreløbige resultatane ser slik ut:

2.div.:4 kampar 0 poeng  
4.div.:3 kampar 2 poeng  
5.div.:4 kampar 6 poeng  
jenter:3 kampar 2 poeng

Laga har deltatt i bl.a. Haugesundscup, Åpningsturnering og Norgescup. I desse arrangementa har laga havna ca. midt på resultatlistene.

I år har desse laga 6.5 timar treningstid i veka, noko me tykkjer er for lite.

Gruppa har jobba for å styrke økonomien, og nokre av tiltaka i år har vore kakelotteri, loddssalg og eit programblad. Dette vil gi gruppa eit lite overskudd.

Det største problemet for styret har i år vore 2.div. laget. Sidan dette laget må spele sine heimekampar i Bergen, har dette påført gruppa økonomiske problem i følge av at halleiga pr. kamp er kr.1200.--. Gruppa har måtta gått utanom hovudlaget for å skaffe seg midlar til dette.

Dette 2.div. laget har også problem med volleyballstyret i Bergen då dei ikkje vil gi laget tilfredsstillande baner å spele sine kampar på.

Ellers er dette laget det einaste laget i gruppa som ikkje har trenar, noko som har vist seg å vere eit stort handicap for laget. Laget har foreløpig heller ikkje økonomi til å stille dei krava som mulige trenarar set.

Ellers har gruppa under planlegging ein jubileumsfest for å markere 5 tilbakelagde år. I samband med dette er det ynskjeleg at foreldre og andre får stimulert si interesse for gruppa, slik at det seinare kan bli danna ei foreldregruppe som kan trå til og avlaste styret i enkelte saker.

Volleyballgruppa tel i år over 50 aktive medlemmer, noko som syner at interessa er stor, og me håpar at denne interessa vil halde seg framover.

AnnChristin Hannisdal  
skrivar